



Mange stilte opp for å hjelpe.

Det var mange som nytta høve til å senda sekker med kle og sko til Ukraina då THK-traileren var på henting ved Grano i dag. Det er THK-stiftelsen (Tro, Håp og Kjærighet) som står bak desse innsamlingane, og traileren stod ved Grano ein time i kveld.

Frammøtet var svært godt, og det var god trøkk i innsamlinga og mest tendensar til kø frå starten av. Dei to i mottaksapparatet arbeidde effektivt, og fekk jammen sveitten fram i den fine forsommartemperaturen. Tilsiget av folk som leverte sekker var jamnt og godt utover heile den timen til traileren forlet bygda. Det var ikkje berre uskedelingane som var flinke å bidra. Det møtte også opp folk frå nabobygdene. THK-stiftelsen gav uttrykk for at dei var svært godt fornøgd med responsen.

Mottaksapparatet kunne melda at dei truleg er tilbake i Uskedalen om eit års tid. Dermed kan vi berre byrja å førebu neste sending. Det er eit framifrå tiltak THK-stiftelsen står bak, og det er ein flott måte å få ytt bidrag til folk som treng det, på.

I tillegg til Uskedalen hadde dei stopp i Rosendal, på Husnes og på Sæbøvik her i vår kommune i dag. Tormod Myklebust kan melda om at det totalt vart levert inn 568 sekker. Dei fordelte seg på 156 i Rosendal, 169 i Uskedalen, 188 på Husnes og 45 på Sæbøvik. Det er eit flott resultat sjølv om det er litt mindre enn i fjor.



Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.